



Kontrollutvalet i Kvam herad

Vår sakshandsamar: Kari Marie Nygard

Dykkar ref.:  
Vår ref: 2015/12  
Vår dato: 26.02.2015

### **Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Invitasjon til deltaking**

Vedlagt følgjer partsbrev som syner handsaming av sak vedr. selskapskontroll av Storeholmen VTA AS – invitasjon til deltaking, i kontrollutvalet i Samnanger kommune sitt møte 17.02.15.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar nei til deltaking i selskapskontrollen.

Med helsing

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til:  
Kontrollutvalet Hordaland fylkeskommune  
Ordførar  
Rådmann  
Deloitte  
Utvalseiar

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/12-1  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	7/15	17.02.2015

### Selskapskontroll av Storeholmen VTA AS - Invitasjon til deltaking

#### Bakgrunn:

Frå kontrollutvalet i Kvam herad er det kome invitasjon til deltaking i prosjekt med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS. Invitasjonen er datert 23.01.15, og er sendt til Hordaland fylkeskommune, kontrollutvalet og Samnanger kommune, kontrollutvalet. Viser til vedlegg som følgjer saka:

- invitasjonsbrevet datert 23.01.15
- saksutgreiing til kontrollutvalet i Kvam herad sitt møte 01.12.14
- prosjektplan for selskapskontroll av Storeholmen VTA AS

Av invitasjonsbrevet, saksutgreiinga til KUV i Kvam herad og prosjektplan går bakgrunn for å gjennomføra dette selskapskontroll-prosjektet fram. Her finn ein og opplysningar om vedtak i saka frå Kvam herad sitt kontrollutval, opplysningar om organisering av arbeidet og skisse til kostnadsfordeling mellom dei kommunane som eventuelt vil delta i prosjektet.

Spørsmål som er stilt i invitasjonen er:

1. Ønsker kommunen / fylkeskommunen at Deloitte skal gjennomføre eigarskapskontroll av Storeholmen VTA AS ?
2. Ønsker kommunen / fylkeskommunen å delta i forvaltningsrevisjon som Deloitte skal gjennomføre av Storeholmen VTA AS ?

#### Drøfting

I plan for selskapskontroll for Samnanger kommune er selskapskontroll av Storeholmen VTA AS prioritert som nr. 2 av prosjekt som skal gjennomførast. Ut frå at dette er eit prioritert selskap i planen, vedtok kontrollutvalet i Samnanger at dei ønskte å besøka Storeholmen VTA AS . I samband med møte i kontrollutvalet 01.10.14, vart det gjennomført bedriftsbesøk hjå Storeholmen VTA AS og Nordheimsund Industri AS i Øystese og Norheimsund. Kontrollutvalet fekk då grundig og god gjennomgang og orientering om bedrifta.

Kontrollutvalet i Samnanger har fått orientering i tidlegare møter om at kontrollutvalet i Kvam herad var i ferd med å bestilla selskapskontroll av Storeholmen VTA AS. Når slik informasjon har vore gjeve har kontrollutvalet signalisert at ein ikkje har ønske om å delta i eit slikt selskapskontroll-prosjekt. Kontrollutvalet har også signalisert dette ut ifrå at budsjettramma som kontrollutvalet i Samnanger kommune har til disposisjon, er svært knapp. Innafor vedteke budsjettramme for 2015 er det heller ikkje midlar til å delta i prosjektet.

#### Konklusjon

Med dette som bakgrunn rår sekretariatet til at kontrollutvalet takkar nei til invitasjonen til å delta i selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

## **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar nei til deltaking i selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.02.2015**

### **Handsaming i møtet:**

Forslag til vedtek i saka var at Samnanger kommune ikkje skulle delta i dette prosjektet. Dette var ut frå signal som var gjeve i kontrollutvalet i tidlegare møter.

Ordførar var med under handsaminga av saka og kom med innspel på at det ville vera nyttig for kommunen å vera med på selskapskontroll / forvaltningsrevisjon av Storeholmen VTA AS, og at det og ville vera av verdi å sjå på eigarskapskontroll for Samnanger kommune sin del, i samband med deltaking i prosjektet. Etter å ha lagt fram sine synspunkt, måtte ordførar forlata møtet for å nå ein annan avtale. Ho var såleis ikkje til stades ved vidare drøfting og når vedtak vart fatta.

Kontrollutvalet drøfta saka og såg på dei alternativ som låg føre:

1. Halda fast på forslag til vedtak om å takka nei til å delta i selskapskontrollen.
2. Å delta i forvaltningsrevisjons-delen av prosjektet. Dette vil innebera 15 timar, og kan dekkast innanfor budsjettramma for kontrollutvalet.
3. Å delta på kun eigarskapskontroll-delen av prosjektet. Dette vil innebera omlag 60 timar, og dette er det ikkje dekning for i budsjettramma.
4. Å delta på både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapet. Dette vil då innebera omlag 75 timar, og det er heller ikkje dekning for dette i budsjettramma.

Alternativ 3 og 4 ville medføra at kontrollutvalet måtte gjera vedtak med atterhald av kommunestyret si godkjenning om ekstraløyving til å delta i prosjekt med selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

Kontrollutvalet drøfta dei ulike alternativa grundig. Det vart peika på at budsjettrammene til kontrollutvalet er svært knappe, og det var usemje om ein skulle be kommunestyret om ekstraløyving til å delta i selskapskontrollen. Saka vart teke opp til røysting. Det vart første røysta over forslag til vedtak som låg føre. Det var 3 røyster for dette forslaget og 2 røyster imot. Saka var dermed avgjort og dei andre alternativa vart såleis ikkje teke opp til røysting.

Det ligg då føre slikt vedtak i saka, med 3 mot 2 røyster:

### **Vedtak:**

Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar nei til deltaking i selskapskontroll av Storeholmen VTA AS.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*